


Etne kommune

Kommunal planstrategi 2020 - 2024



Etne kommune



Innhold

FØREMÅLET, RAMMER OG OVERORDNA MÅL	5
Samrådspunkt, medverknad og prosess.....	5
Revisjon av kommuneplanen	5
Nasjonale og regionale føringer	6
GENERELLE UTVIKLINGSTREKK.....	7
Sysselsetting	8
Innvandring.....	9
SEKTOROVERGRIPANDE TEMA.....	11
Klima og miljø	11
Samfunnstryggleik	12
Folkehelse og samarbeid	13
KOMMUNEN SINE UTFORDRINGAR	15
Oppvekst.....	15
Barnehage.....	16
<i>Vera sammen</i>	17
<i>Ny rammeplan</i>	17
Grunnskulen	17
SFO (Skulefritidsordninga).....	21
Kulturskulen.....	21
Vaksenopplæring.....	21
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	21
SLT	23
Barneverntenesta	23
Helse og sosialomsorg	24
Tenesteutvikling	24
Pleie- og omsorgstenester.....	24
Rehabilitering og habilitering	24
Kommunalt psykisk helse- og rusmiddelarbeid.....	25
Helsestasjon og skulehelsetenesta – førebygging.....	25
Legetenesta	26
Sosialomsorg	27
Kultur og kulturminnevern	27
Idretts- og friluftslivanlegg	28

Kulturminne.....	28
Areal og tettstadsutvikling	29
Næring, samferdsel og transport	30
Nærings.....	30
Samferdsel og transport.....	30
Vatn, avlauup og renovasjon.....	32
Framtidige prioriterte prosjekt:.....	32
Handtering av overvavn og avløpsvatn.....	32
Ufullstendig digitalt leidningskartverk	33
Kommunen som organisasjon	33
Kommuneøkonomien.....	35
Vedlikehald av kommunale bygg og energieffektive bygg.....	35
Sjukefråvær og arbeidsmiljø.....	35
Rekruttering, Kompetanseplan og utvikling.....	36
Revisjon av kommuneplanen	37
Arealdelen	38
Samfunnssdelen.....	38
Planoversikt	39

FØREMÅLET, RAMMER OG OVERORDNA MÅL

Kommunestyret skal vedta ein kommunal planstrategi kvar valperiode (plan- og bygningslova § 10-1). Føremålet er å avdekka kva utfordringar kommunen har, for så å avgjera kva planar som skal vidareførast, kva planar som skal reviderast og eventuelt kva nytt planarbeid som skal utførast i løpet av dei neste fire åra.

Det er viktig å presisere at ein planstrategi ikkje er ein plan, og at han derfor ikkje skal innehalda nye mål og strategiar. Kommunestyret skal ta stilling til om heile eller deler av kommuneplanen skal reviderast og vurdera behovet for revisjon av, eller utarbeiding av kommunedelplanar/temaplanar. Kommunen si planlegging skal vere behovsstyrte og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.

I tillegg til at utfordringane til kommunen er viktige vurderingsgrunnlag, skal ein også leggja til grunn utviklingstrekk og framtidsprognosar, nasjonale forventningar, Vestland fylkeskommune sin regionale planstrategi, ei prioritering av planbehov som følgje av endra politikk for kommunen med nytt kommunestyre, samt røynsler med gjeldande kommuneplan.

Samrådspunkt, medverknad og prosess

Etter krav av plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunane innhente synspunkt til planstrategien frå statlege og regional organ samt nabokommunar. Oppstart planstrategi blei varsle den 16.04.2020. Det blei motteke 9 innspel frå instansar i samband varsel om oppstart. Innhaldet i innspela er tekne med i utgreiinga av utfordringsbiletet på dei ulike temaområda, samt kommenterte i saka. Det har via leiargruppa vore ei medverknad frå alle tenesteområde i kommunen, der alle einingane har spilt inn sine utfordringar for å synleggjere deira utfordringsbilete ved førre planperiode.

Revisjon av kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan (arealdel) vart vedteken i 2003, medan samfunnsdelen vart vedteken i 2016. Kommuneplanens arealdel er utdatert og har behov for revisjon for å betre imøtekamma dagens situasjon, samt møte dei utfordringane som lokalsamfunnet står ovanfor, både i dag og i framtida. Det er òg eit mål med revisjonen at ein skal forenkle sakshandsamingstida i kommunen gjennom meir hensiktsmessige arealformål og føresegner i kommuneplanen sin arealdel. Særleg vil det her vere eit mål å redusere talet dispensasjonssøknader som kjem inn til kommunen.

Planstrategi for Etne kommune 2016-2019 tok opp behovet for ein revisjon av kommuneplanens arealdel. Arbeidet vart forsinka ein god del, men vil i høve framdriftsplanen bli vedtatt ny arealdel i løpet av 2021

Nasjonale og regionale føringar

Regjeringa legg fram nasjonale prioriterte utfordringar kommunar skal prioritere.

Regjeringa ønskjer at ein legg vekt på følgjande tema:

- **Å skape eit berekraftig velferdssystem**
- **Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ei offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning**
- **Å skape eit sosialt berekraftig samfunn**
- **Å skape eit trygt samfunn for alle**



Regjeringa ønskjer at dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å få tak i dei største utfordringane i vår tid, og har bede m.a. kommunar om å sikre at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Det er ikkje plukka ut einskilde mål når tanken bak berekraftsmåla er at det skal vere ei samla innsats mot alle mål, og at dei til saman vil skape ei berekraftig utvikling.

Regional planstrategi for Vestland er under utarbeiding og skal vedtakast september 2020, og denne er lagt til grunn for revisjon av kommunen sin planstrategi (plan- og bygningslova § 7-2). Den pliktar kommunane å leggja den regionale planstrategien til grunn for sitt planarbeid. I utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 har fylket ynskje om følgjande mål som skal prioriterast:


- **Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg**
- **Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling**
- **Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland**
- **Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.**

GENERELLE UTVIKLINGSTREKK

Generelle utviklingstrekk skal kome fram i den årlege økonomiplanen, der desse tala blir oppdaterte kvart år og vil gjelde for alt planarbeid i kommunen. Planstrategien vil i hovudsak vise til oppdatert statistikk og framheve hovudtrekk i teksten.

Utviklinga i folketalet er særstakt viktig for kommunen, både når det gjeld planlegging av tenestene og økonomien. I frå slutten av 80-talet og til byrjinga av 90-talet gjekk folketalet nedover, stort sett grunna utflytting. På 90-talet bremsa utflyttinga opp, og ein fekk ein del år med store fødselsoverskot rundt år 2000 som gav litt vekst. Etter ein ny nedgang frå 2002 til 2008, har kommunen hatt ein relativt jamn auke fram til 2017. I 2018 var det ein svak reduksjon i folketalet på 6 personar. Ein trend som er forsterka gjennom 2019, ved ein ytterlegare reduksjon på 15 personar.



I 2019 var det ei netto utflytting frå kommunen på 32 personar. ¾ gjeld utflytting innlands. Det var eit fødselsoverskot på 16, mot 26 året før. Fødselstalet på 44 er godt under snittet dei siste 20 åra, Alderssamansetninga er viktig for utforminga og behova for ulike tenester. Etne har relativt sett ein eldre folkesetnad enn landssnittet, men har også ein relativt stor del i barnehage- og skulealder. Medan 28 døde og 27 i 2018, er uvanleg låge tal.



Sysselsetting

Arbeidsledigheita i Etne kommune er låg, og har vore relativt stabil mellom 1,4 og 2 % dei siste åra. Ledigheita gjekk marginalt ned frå 2016 til 2019, frå 2 % til 1,3 %. Det svarar til høvesvis 45 og 28 heilt arbeidsledige. Likevel går delen personar som fell ut av arbeidslivet opp. Det er nærmare 20 % av innbyggjarane i yrkesaktiv alder utanfor arbeidslivet. Det er venta at talet vil å auka ytterlegare når fleire fell utanfor arbeidslivet grunna manglende arbeid, teknologi utvikling og automasjon generelt tek fleire og fleire jobbar.

Dei tre siste åra har mengda sysselsette i dei ulike næringane vore relativt stabil. Etne kommune er prega av eit solid, stabilt og relativt lokalt/regionalt næringsliv. Den største sysselsettinga i kommunen finn ein innanfor sekundærnæringa, med 700 tilsette (2019). Varehandel, hotell og restaurant, samferdsle, finanstenesta, forretningsmessigteneste og eigedom er den nest største næringa med 563 sysselsette.



Helse- og sosialtenester er den tredje største næringsgruppa med 392 sysselsette. Reiseliv er ei veksande næring i kommunen, med auka fokus på cruiseturistar.


Utbrotet av korona har på kort sikt gitt ei drastisk auke i arbeidsløysa, noko som har gått ut over fleire næringstenester i heila landet. Det er enno vanskeleg å seie noko om konsekvensane av dette, men langtidseffektane av korona vil truleg ha stor tyding for utviklinga av samfunnet på alle område. Under epidemien var ledigheita oppe i 8,7 % i kommunen, noko som tilsvarta 184 personar. Det er ei auke på 513 % frå i fjor (NAV, 2020).

Innvandring


Innvandrarar er i denne statistikken definert som personar som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre og fire utanlandske besteforeldre.

Størsteparten av innvandrarane kjem frå Europa og aller mest frå Polen (144), Litauen (75) og Tyskland (32) (SSB, 2020). Hovudårsaka bak innvandringa er i samanheng med arbeidsinnvandring.

Personer med innvanderbakgrunn. Utvalgte land. 2020



Tal innvandrarar auka kraftig i starten av 2000-talet og jamna seg ut i 2014. Dei siste åra har talet gått litt ned igjen, og då spesielt europeiske innvandrarar. Mengda asiatiske innvandrarar har dei siste åra auka noko samanlikna med t.d. afrikanske innvandrarar.



SEKTOROVERGRIPANDE TEMA

Klima og miljø

Det er tre dimensjonar knytt til berekraftig utvikling: miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Sosial berekraft fungera som eit fundament for økonomisk utvikling, men verken samfunn eller økonomi har noko framtid utan eit klima og miljø i balanse. Klimatilpassingar er naudsynt, og krev eit sterkare fokus og innsats enn det som har blitt gjort til no.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er ei av 4 hovudutfordringar: *Å skape et økologisk berekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning*. Dette blir lagt til grunn i høyringsutkastet *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*.

I 2019 erklærte fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland klimakrise i Vestland, og at klima og miljø difor må vere premiss i all samfunnsutvikling i Vestland. I PBL. § 10-1 står det at den kommunale planstrategien bør omfatta ei drøfting av strategiske val knytt til m.a. miljøutfordringar. Energi- og klimaplan for Etne kommune 2011 – 2016 er den gjeldande planen, men kommunestyret har vedtatt at planen skal fornyast innan 2022, med fokus på FNs berekraftmål.

For Vestland inkludert Etne er hovudmåla følgjande:

- **Vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.**

Miljødirektoratet sin statistikk visar at Etne kommune hadde eit samla utslepp på 36 500 CO₂ ekvivalentar i 2018. Dei tre største forureinande sektorane vart jordbruk (48%), vegtrafikk (42%) og sjøfart (5%). Den totale mengda har gått litt ned dei siste åra.

- **Sikra infrastruktur og forvalte viktige natur- og landskaps- og kulturverdiar.**

I Etne kommune går mykje av veksten i folkesetnaden føre seg i tettstadane. Det er i tråd med dei nasjonale forventningane at kommunen skal ha ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk med høg arealutnytting. Etne er ein kommune sterkt prega av jordbruk, noko våre strategiar reflekterer. Dei nasjonale forventningane ønskjer å letta på utbyggingspress på jordbruksareal, som har vore ei utfordring på nasjonalt nivå. Døme på detta finn vi også i Etne med ein planlagt E134-trasè i kjerneområde. Samt næringsutvikling som er avhengig av nye ubygde areal, som kan gå ut over jordbruksareala. Den framtidige omlegginga av E134 vil også medføre endringar for Etne sentrum.

Etne kommune har store naturomgjevnader med viktige naturtypar og artar. Etne har også viktige lakseelvar samt ein nasjonal laksefjord som må takast omsyn til. Desse verdfulle områda vil bli meir vektlagd i ny kommuneplan. Fylkesmannen rår i sitt høyringssvar til planstrategien kommunen til å taka omsyn til naturtypelokalitetar, raudlisteartar og vassdrag/kantvegetasjon ved framtidig planlegging. Denne type omsyn vart ikkje ført opp i den nåverande arealplanen, men vil bli lagt inn i den nye planen.

- Bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp**

Etne kommune følgjer norsk lov for offentleg anskaffingar og dei føringar som ligg der med tanke på miljø. Ein har også ein kortfatta innkjøpsstrategi, som har sett fokus på kompetanse, samarbeid og digitalisering. Innkjøpsstrategien er skriven i 2017 og miljøaspekta vart ikkje like mykje på dagsorden då som det er nå. Etne kommune har eit ynskje om å bli betre på å stille miljøkrav og ta miljøomsyn i anskaffingar. Derfor er kommunen med på eit prosjekt sammen med fleire andre kommunar på Hordalandet.

Anskaffingar med klimaambisjonar: Prosjektet vil i hovudsak ta for seg klima. Og miljøkrav i større rammeavtaler som blir utarbeidd for innkjøpssamarbeidet, og større avtalar for kommunane som er med i prosjektet. Men vil også arbeide for avtalelojalitet og ei endring i bestillerkultur. For at miljøkrava skal ha effekt er det viktig at det blir tinga frå dei vi har avtale med, og at vi tingar smart, for m.a. å redusere transportbehovet.

HOVUDUTFORDRINGAR

- Implementere berekraftsmåla i all samfunnsutvikling**
- Redusere klimagassutslepp**
- Vern av biologisk mangfald, natur- og landskaps- og kulturverdiar**
- Vern av verdifull landbruksjord**

Samfunnstryggleik

Sivilbeskyttelsesloven og Forskrift om communal beredskapsplikt skal sikra at kommunen tek i vare tryggleiken for folkesetnaden. Kommunen skal arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusera risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

Kommunen er forplikta til å gjennomføra ein heilskapleg (overordna) risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), her under kartlegga, systematisera og vurdera sannsynlegheit for uønskte hendingar som kan inntreffa i kommunen og korleis desse kan påverka kommunen. Denne analysen skal gjennomførast minst ein gong i løpet av ein kommuneplanperiode (fire år) eller når risikobiletet endrar seg.

Våren 2020 vart ny «Heilskapleg ROS Etne kommune» vedteken i Etne kommunestyre. Som oppfølging av ROS-analysen, skal det lagast ein handlingsplan for samfunnstryggleik og beredskap, for å konkretisera at måla, strategiane og tiltaka blir følgd opp i planverk, opplæring, øvingar og møte, fagleg utvikling, økonomiske avklaringar, utstyr og organisering.

Kommunen sin plan for kommunal beredskap og kriseleiing vart vedtatt i 2011. Planen er kontrollert jamleg og kontaktinformasjonen er blitt endra ved behov. Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt §6, skal planen reviderast kvart år. Det blir lagt opp til revisjon av planen etter at overordna ROS-analyse nå er vedtatt og deretter lagt inn eit fast punkt i årshjulet om årleg revisjon.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Oppfølging og tiltak for å vere budd på framtidige og uønska hendingar**
- **Sikre ei operativ kriseberedskap**
- **Implementere ROS-arbeidet i organisasjonen**

Folkehelse og samarbeid

I folkehelselova § 5 og § 6 er det krav om å utarbeide ei oversikt over helsetilstanden i folkesetnaden og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Det er eit krav om at oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Det vart utarbeida ei folkehelseoversikt i 2016, som vert fornya i 2020. Den vil basera seg på Vestland si folkehelseoversikt. Oversikta er delt inn i 5 hovudarbeidsområde som kommunane i Vestland skal kartlegge. Kvart hovudområde skal innehalde positive/negative trendar samt ein årsakssamanhang og ønska utvikling i forhold til dei funna som kjem fram. Den nye planen vil vere meir kortfatta og oversiktleg enn den førre, og skal vere tydeleg på prioriteringane dei neste fire åra. Planen vil og i større grad ta utgangspunkt i berekraftsmåla utarbeid av FN, slik at dei skal leggjast til grunn i all framtidig planlegging.

Fylkesmannen rår i sitt høyringssvar til planstrategien kommunen til å utarbeide ny folkehelseoversikt i denne perioden (2020-2024). Denne skal ligge til grunn for ei langsigktig og systematisk samfunnsutvikling, og vere politisk og administrativt forankra. Oversikta skal vere grunnlag for prioriteringar i planarbeid og tiltak. Kommunen si nye folkehelseoversikt følgjer altså som vedlegg til planstrategien.

Hovudutfordringa med folkehelseoversikta er å kunne samarbeide godt på tvers av einingane. I framtida må det vere ei betre tverrfagleg innsats på dei ulike fagområda for å kunne betre imøtekome dei utfordringane kommunen møter på. Eit ynskje fram mot neste revisjon er at einingane kan kommunisere betre saman, samt innhente større del

av informasjon frå dei planen faktisk handlar om. Å kunne implementere meir kunnskap heilt i frå barn og unge til pensjonistar. Dette kjem også fram av Fylkesmannen sitt høyringssvar til planstrategien; *i planarbeid er det såleis viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sine synspunkt, ønskje og behov og bli inkluderte på sine eigne premissar.*

Det er og eit ynskje å kunne presentere funn og statistikk i folkehelseoversikta på ein brukarvenleg plattform, som kan vere meir publikumsvenleg enn løysinga vi har i dag. Dette vil setje krav til korleis oversikta vert kommunisert ut mot innbyggjarane våre.

HOVUDUTFORDRINGAR


- **Implementere tverrfagleg samarbeid i heile organisasjonen**
- **Samordne arbeidet med tverrfagleg innsats**
- **Innhente tilstrekkeleg datamengd på alle områda i oversikta**

KOMMUNEN SINE UTFORDRINGAR

Oppvekst

I kommuneplanen i Etne står det at *Barna er framtida og vår viktigaste investering*. For at fleire skal etablera seg i kommunen, så vil det vera viktig at me har eit godt barnehage-, skule- og kulturtildobd.

Etne kommune har laga ein *Kvalitetsplan for oppvekst* som seier noko om prioriteringar, utviklingsområde og satsingsområde. Me ønskjer å visa at me vil ha større merksemd på læring og utvikling og dette er gjeldande for barnehagane, skulane og kulturskulen.



Denne modellen viser Oppvekst i Etne sine tre satsingsområde; Folkehelse og livsmeistring, utviklende læringsfellesskap og digital kompetanse. Det er også fire prinsipp som skal vera med å prega praksisen; tilpassa opplæring, relasjonar, lærande profesjonsfellesskap og djupnekunnskap. Innramminga for satsingsområda og prinsippa for praksis er visjonen; steg for steg og ambisjonen; heim og eining.

Inkluderande barnehage- og skolemiljø

Barnehagane og skulane starta opp prosjektet «Inkluderande barnehage- og skolemiljø» i 2018. Dette gjekk over to år. Skulehelsetenesta og PPT er samarbeidspartar i prosjektet.

Prosjektet vart evaluert i februar 2019. I all hovudsak har skulane og barnehagane

opplevt prosjektet som ei god hjelp i arbeidet med å utvikla barnehage- og skolemiljøet. Me ser på dette prosjektet som ein god start på eit vidare arbeid.

Det viktigaste med dette arbeidet er at born og elevar opplever eit inkluderande og godt læringsmiljø.

Digital læring


Etne kommune brukar iPad som eit pedagogisk verktøy til alle elevar og som eit pedagogisk supplement i barnehagane våre. Dei vil no finna skulearbeid på læringsplattform, og dei kan også levera inn heimearbeid på same plattform.

Barnehage

I Etne kommune er det tre barnehagar, to kommunale, Enge og Skånevik, og ein privat, Småfolk. Alle barnehagane tilfredsstiller krava til pedagognorma.

Kommunen har eit ambulerande spesialpedagogisk team med barnehagelærarar som skal ta i våre alle våre tre barnehagar knytt til dette med spesialpedagogisk hjelp.

Gjennomsnittskostnad for drift av kommunale barnehagar gir grunnlag for tilskot til dei private barnehagane.



Tabellen viser at det i perioden 2010-2014 har vore ei auke i tal born i barnehagane frå 184 til 274. 2011 og 2012 var to store barnekull i Etne kommune. Deretter har det vore ein reduksjon. Rygg barnehage er ikkje lenger i drift.

Fødselstala for perioden 2014 – 2019 varierer mellom 41 – 54 born med eit snitt på 49 born.

Den private barnehagen, Småfolk, har frå 15.12.2018 fått utvida driftsstøtte med inntil 18 storbarnsplassar frå 87-105. Dette for å kunne ta i mot eigne søkjrar og søkerar det ikkje har vore plass til i Enge barnehage. Våren 2020 har kommunen utvida med ei avdeling i Enge barnehage.

SSB si framskriving av fødselstal viser om lag 50 born per år som historisk svarar til eit «normalt» årskull i Etne.

Vera samen

Kjerneinnhaldet i denne satsinga er autoritative vaksne, relasjonsbygging, kommunikasjon, tidleg innsats, handtering av utfordrande åtferd, implementering og organisasjonsutvikling. Dei kommunale barnehagane er no Løvebarnehagar og Vera Saman vert nå vidareført i drift.

Ny rammeplan

August 2017 blei det innført ny rammeplan. Alle barnehagane har starta arbeidet med å implementera den nye rammeplanen.

Grunnskulen

Det er to skular i Etne kommune, Enge skule og Skånevik skule. Det er 11 færre elevar dette skuleåret enn førre skuleår. Dette er ein normal variasjon.


Det er 96 elevar på SFO. Dette er om lag som tidlegare år.

Skule	Klassetrinn												Sum alle trinn	SFO	Lekse-hjelp
	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum 1.-7.	8.	9.	10.	Sum 8.-10.			
Enge 19/20	37	43	60	34	40	36	28	278	36	45	42	123	401	71	0
Skånevik 19/20	11	15	14	11	13	9	8	81	8	7	9	24	105	25	2
Sum 19/20	48	58	74	45	53	45	36	359	44	52	51	147	506	96	2
Sum 18/19	61	77	45	53	47	38	44	365	54	51	47	152	517	103	1
Sum 17/18	77	43	54	46	38	41	53	352	51	47	73	171	523	114	3
Sum 16/17	43	56	50	40	42	54	50	335	47	73	49	169	504	103	20
Sum 15/16	56	51	39	42	51	51	46	336	72	47	58	177	513	104	19
Sum 14/15	48	39	43	52	51	47	73	353	47	55	56	158	511	109	16
Sum 13/14	39	40	51	51	45	73	46	345	56	55	61	172	517	107	55
Sum 12/13	39	49	48	44	73	44	56	353	54	62	38	154	507	109	57
Sum 11/12	48	46	44	68	46	56	53	361	61	39	54	154	515	101	68

Støtte heimanfrå


Det er føresette som har hovudansvaret for oppseding og utvikling, og dei er dei viktigaste i omsorga til barna. Elevundersøkinga for 2020 viser at dei fleste kjenner på at dei har støtte heime i skullearbeidet. Einingane har det overordna ansvaret for å ta initiativ og leggja til rette for eit samarbeid med heimane. Ambisjonen for Etne

kommune er *Samarbeid heim og eining*. I dette ligg det å leggja til rette for ein god dialog om læring og utvikling.




Miljø, motivasjon og trivsel

Det er viktig at ein kjenner seg trygg på skulen, og dei fleste av våre elevar seier i elevundersøkinga at dei kjenner seg trygge. Opplæringslova § 9a seier at alle elevane skal ha eit trygt og godt læringsmiljø. I dette ligg også det å få eit tilfredsstillande læringsutbytte.



Me ser at halvparten av elevane i 5.-10.klasse i Etne seier at dei er motivert og trivs på skulen. Rundt 18% seier at dei trivs, men er ikkje motivert for skullearbeid. Vel 18% seier at dei verken trivs eller er motivert og ei lita gruppe på rundt 10% er motivert, men trivs ikkje. Går me meir inn i tala, så ser me at motivasjon og trivsel er dalande frå barneskule til ungdomsskule.



Elevundersøkinga, som omtalar elevane sin trivsel, syner eit godt gjennomsnitt, men at nokre skular over tid har hatt utfordringar med det psykososiale miljøet.

Ny læreplan

Arbeidet med ny læreplan er i gang. Overordna del er ferdig og vert teken i bruk dette skuleåret. Nye fagplanar skal vera ferdige til 2020, då den nye læreplanen skal innførast. Skulane har byrja arbeidet med å setja seg inn i dei nye planane.

Resultat

Siste 5-årsperiode varierer eksamensresultata frå 10. klasse frå litt over landssnittet til noko under landssnittet. Resultata for 2019 er gode, der resultata var om lag som landssnittet og over.

Tala viser at Etne stort sett har lege litt under landssnittet. Dei to siste åra har nærma seg landssnittet.

41,5 vil seia karakteren 4,15 (som i praksis er 4) i snitt. 41,9 (landssnittet) vil seia karakteren 4,19 (som i praksis er 4) i snitt. Det er difor berre marginale variasjonar. Målet må alltid vera at alle elevane skal oppnå sitt høgste potensiale. SSB viser til at elevar

Skuleår	Etne	Grunnskulepoeng		
		Komm. gr 01*	Hordaland	Nasjonalt
2018/19	41,5		42,0	41,9
2017/18	41,4	41,6	42,2	41,7
2016/17	39,8	41,0	41,8	41,4
2015/16	39,8	40,7	41,6	41,2
2014/15	38,0	40,4	41,3	40,7
2012/13	38,9	39,2	40,7	40,3
2011/12	40,1	39,5	40,2	40,0
2010/11	39,0	40,0	40,5	39,9

med færre enn 30 grunnskulepoeng (karakteren 3 i snitt) i svært liten grad fullfører vidaregåande opplæring (VGO). Forsking peikar på at elevane bør har over 35 grunnskulepoeng for å kunna gjennomføra VGO. Det vil difor vera viktig at flest mogeleg elevar oppnår minst 35 grunnskulepoeng (karakteren 3,5 i snitt). Etne har som mål å liggja på eller over landssnittet.

Tala frå 2016-2018, som er dei siste me har, så er det 86% av elevane frå Etne som fullfører vidaregåande opplæring. Landssnittet ligg på 79%.

Spesialundervisning/tilpassa opplæring

I Etne har 10,3 % av elevane spesialundervisning.

Kommunen arbeider tett med PPT der målet er at endå fleire elevar skal få opplæringa si gjennom ordinær undervisning. På seks år har del elevar med vedtak om spesialundervisning gått frå 14% til 10,3%. Målet for dei neste to åra er å koma ned på 8 %.

Tilstandsrapport

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Tilstandsrapporten skal som eit minimum, omtala læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren ser føremålstenleg ut frå lokale behov.

Kompetanse for kvalitet

I august 2015 kom nye krav i forskrift til opplæringslova om at alle grunnskulelærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk skal ha fordjuping i faga. Fleire har teke vidareutdanning dei siste åra. Ved utgangen av 2019 var det om lag 40 som underviste i matematikk, engelsk og norsk som ikkje stetta kvalifikasjonskrava. I 2019-20 har Vindafjord kommune 10 lærarar som tek vidareutdanning for å få formell kompetanse i skriftlege fag. Kommunane har ein frist til 2025 på å sikra rett kompetanse i skulen. Det vert laga ein årleg plan for etter- og vidareutdanning. I kompetanseplan for 2020 vil ein syne korleis ein skal nå dette målet.

Sektorplan for utdanning

Fylkesmannen rår i sitt høyringssvar til planstrategien kommunen til å utarbeida ein sektorplan for utdanning eller ein samla politisk vedtatt utdanningsstrategi som tydleg viser att i samfunnsdel og handlingdel/økonomiplan. Denne må vise samanhengar i utdanningsløpet, frå barnehage til vidaregåande, og som innehold klare mål, strategiar og tiltak for betre læringsmiljø og læringsresultat. Kommunen svarar på dette med ein felles Kvalitetsplan for Oppvekst, som gjeld for barnehage, skule, sfo og kulturskule.

SFO (Skulefritidsordninga)

For å sikra at alle born som går på SFO får eit godt tilbod, er SFO tatt med som ein del av Kvalitetsplanen i Etne. SFO skal, i følgje Stortingsmelding 6, «Tett på – Tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO», vera med på å utjamna sosiale forskjellar og bidra til betre inkludering av minoritetsspråklege barn.

Kulturskulen

I Etne får elevane tilbod i gitar, piano, violin, trommer, band, messingblås, drama og bildande kunst. I tillegg kjøper skulekorpset i Etne dirigentteneste av kulturskulen. Etne har ei desentralisert ordning der ein underviser i lokale ved Skånevik skule, Enge skule og i eigne lokale på Skakkesenteret. Hausten 2019 starta 81 elevar ved kulturskulen. Pr. 31.12.2019 var det 87 elevar.

Tal elevar	17/18	18/19	19/20
Med plass	100	91	81
På venteliste	10	1	1

Vaksenopplæring

Det er av stor betydning at ein har eit godt norsk nivå for å få ei god integrering i det norske arbeidslivet. Kravet på norsknivå er høgt. Det er eit mål at elevane så raskt som mogleg skal vera kvalifisert til arbeid eller vidare utdanning. Behovet for formell utdanning for vaksne er aukande, særleg er det viktig med bestått grunnskule for å kunne starte på vidare utdanningsløp.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Vindafjord kommune er vertskommune for felles PPT for Etne og Vindafjord kommunar. PPT fungerer som sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova og opplæringslova. PP-tenesta har oppgåvane knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet med spesialpedagogiske behov. Tenesta skal hjelpe barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Som første prioritet skal dei sørgra for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Det er 6,5 årsverk knytt til tenesta. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til service- og fellestenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord.

Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnig vurdering skal fylgja nasjonalt nivå. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak.

Utdanningsdirektoratet sine kvalitetskriterium for PP-tenesta vert lagt til grunn for systematisk utvikling av tenesta.

Mange individuelle saker med bestilling av utgreiing og sakkunnig vurdering, reduserer kapasitet til å vera «tett på» barnehage og skule i tråd med nasjonale og lokale forventningar. Det er starta ein prosess for å utvikla systematisk samhandling mellom barnehage- PP-teneste og skule- PP-teneste. Det er ei utfordring å rekruttera nye medarbeidrarar og å auka kapasiteten for dei som er rådgjevarar ved PP-tenesta. Det vert laga ein årleg plan for kompetanseutvikling for tilsette i PP-tenesta.

	2017	2018	2019
Tal individsaker	101	107	92
Nøkkeltal nasjonalt			
Sakkunnig vurderingar barnehage	3,1%	3,2%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,85%	7,81%	7,7%
Nøkkeltal Etne			
Tal personsaker Etne	101	107	92
Sakkunnige vurderingar barnehage	2,99%	5,31%	5,31%
Sakkunnige vurderingar skule	9,6%	8,9%	10,28%

SLT

Etne kommune har i samarbeid med Vindafjord ein SLT-koordinator. Vindafjord eig 2/3 delar av denne stillinga. I SLT-arbeidet er målet å finna ut korleis utfordringar knytt til rus og kriminalitet kan førebyggjast. Det er laga ein handlingsplan for dette arbeidet. Vindafjord har sagt opp SLT-samarbeidet med Etne, og me må sjå korleis me skal organisera dette arbeidet vidare.

Barneverntenesta

Etne og Vindafjord samarbeider om denne tenesta, der Vindafjord er vertskommune. Tenesta har i løpet av 2019 fått kontroll på drifta på fleire av dei mest sentrale områda, til dømes kostnadskostnadene til sjølve kontordrifta. Reelt sett brukar ein mindre på tilsette enn budsjettet.

Overforbruk skjer på tiltakssida. Sjølv om ein har gjort store grep for å sikra ei betre teneste til ein lågare pris, ser ein at budsjetteringa har vore vanskeleg. Det er nokre få tiltak som er særleg kostnadskrevjande. I tillegg kjem utgifter til tolk.

Slik det ser ut nå, vil dei ressurskrevjande tiltaka fortsetja i like stort omfang i 2020. For Etne sin del held ein seg stort sett innanfor ramma for 2019. Samstundes er ramma redusert for 2020. Nokre få ressurskrevjande saker utfordrar fort budsjettbalansen. Barnevernstenesta jobbar saman med økonomiavdelinga for å laga verktøy som kan bidra til tidlegare identifisering og å samordna den faglege og økonomiske styringa av desse tiltaka

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Sikra god kvalitet og likt tilbod**
- **Psykososialt arbeid i bhg/skule må løysast saman**
- **Fagfornyinga**
- **Oppnå god oversikt/kartlegging av læringsresultat, fråfall og læringsmiljø**
- **God spesialpedagogisk kunnskap i alle barnehagane våre**

Helse og sosialomsorg

Tenesteutvikling

Helse- og omsorgssektoren står ovanfor store utfordringar når det kjem til organisering og innhald i tilbodet. Både kommunereforma og samhandlingsreforma gir ei ansvarsfordeling der kommunen får fleire, større og meir spesialiserte oppgåver innanfor helse- og omsorgsarbeidet. Samstundes ventar me fleire eldre i folkesetnaden om nokre år, noko som utfordrar oss når prognosane frå SSB viser at det om 20 år vil vera underskot på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar i Noreg. Dette vil gi oss utfordringar i høve til rekruttering, samt å nytte bemanning og kompetanse på rett måte. For å møte desse behova, er det behov for vidare utvikling av: Velferdsteknologi, tverrfagleg teamorganisering, kvardagsrehabilitering, frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet, rett tenestetilbod til rett person(jf. NOU 2018: 16 "Det viktigaste først") og ei kontinuerleg betring av den daglege drifta.

Kommunen ser det som viktig å få samordne fagplanar i dei ulike tenestene til ein plan for helse - og omsorgstenester, og kommunen vil i kommande periode sjå på om det er mogleg å samle nokre av planane inn under eit større planområde som kan reviderast som ein plan. Målet er å skape ein meir heilskapleg og oversiktleg planstruktur for sektoren.

Pleie- og omsorgstenester

Etne kommune fordeler ressursane sine ved hjelp av ei «omsorgstrapp» som byggjer på «LEON- prinsippet». LEON står for Lågaste, Effektive Omsorgs Nivå. Det er prinsippet som Verdas helseorganisasjon (WHO) har innført om næromsorg. LEON er eit prinsipp om at alt førebyggjande og helsefremjande arbeid skal føregå i så nær tilknyting til heimemiljøet som mogleg. I omgrepet næromsorg ligg eit ønskje om å kunna utnytta dei moglegeheitene og ressursane som ein finn i tilknyting til nærmiljø og sosiale nettverk. Dette er i tråd med Stortingsmelding 15 (2017/2018) "Leva Heila Livet" som er ein kvalitetsreform som skal trygga eldre slik at dei kan meistra livet lenger.

I samband med samhandlingsreforma ser ein at brukarar av kommunale tenester har meir samansette og komplekse medisinske behov. I denne samanheng vurderer ein dimensjoneringa av tilsynslegeordninga ved omsorgssentera.

Rehabilitering og habilitering

Målet er at flest mogleg kan bu i eigen bustad, sjølv med store bistandsbehov, og uavhengig av funksjonsnivå. Dette vil krevje eit aktivt omsorgstilbod gjennom

tverrfagleg kompetanse og samarbeid. For eldre er «kvardagsrehabilitering» og «førebyggjande heimebesøk» er tiltak for å få dette til på. Kommunen har hatt kvardagsrehabilitering som satsing dei siste åra, men ein ønsker å komme i kontakt med fleire innbyggjarar for å tilby dette tilbodet. For å få dette til er det føremålstenleg å satse på «Førebyggande heimebesøk» frå 2021.

Opptrappingsplanen rehabilitering og habilitering 2017-2019 skal bidra til at brukarane kan motta gode habiliterings- og rehabiliteringstenester der dei bur. Planen skal også bidra til å styrka brukarperspektivet og betra kvaliteten i tenestene.

Kommunalt psykisk helse- og rusmiddelarbeid

Kommunane får stadig nye, større og meir spesialiserte oppgåver innanfor arbeidet med psykisk helse og rus. Dette gjer det naudsynt å auka kompetansen på dei aktuelle fagfelta i kommunen.

Vidare arbeid må sjåast opp imot rettleiaren “Saman om meistring”; her skal ein utforma arbeidet i eit brukar og meistringsperspektiv, psykisk helse og rus skal sjåast i samanheng. Her vil tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike tenestene vere viktig. Plan for psykisk helse og rus for Etne kommune 2018-2022 vil ivareta mange av oppgåvene.

Forslag til ny rusreform (NOU 2019: 26) kjem med store endringar med hovudoverskrift «*frå straff til hjelp*». Rusproblematikk er i all hovudsak ei helseutfordring og det blir lagt opp til ein tredelt struktur med fokus på hjelp, behandling og oppfølging.

Dersom «rusreforma» vert godkjent, vil det føra til auka oppgåver for kommunane, og det kan sjå ut som at det bør opprettast ei rådgjevande eining i kommunen. Dette vil truleg krevje tilføring av ressursar med rett kompetanse.

Helsestasjon og skulehelsetenesta – førebygging

Brukarundersøkinga ung data 2015 og 2018 syner ein negativ trend knytt til psykisk helse hos ungdommane våre. Det er framleis eit behov for fokus på førebyggjande arbeid for barn og ungdom si psykiske helse. Me ser også behov for auka fokus på det rusførebyggjande arbeidet inn mot ungdom. Helsesjukepleiar si tilgjengeleight i skulehelsetenesta bør vidareførast.

Legetenesta

Kommunen skal sjå til at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte allmennlegetenester, og at fastlege tilboden er dimensjonert slik at dei som ønskjer det får plass på ei fastlegelist.

Fastlegeordninga er i endring, og det er gjort ei nasjonal evaluering i 2019 som har synleggjort utfordringsbilete i ordninga. Det vil kome fleire tiltak/satsingar fra nasjonalt hald framover.

Våre fastlegar melder om høgt arbeidspress med stadig nye oppgåver utan tilføring av ressursar. Ein del av utfordringsbilete i fastlegeordninga har vore rekruttering av fastlegar til kommunane. I Etne har ein dei siste 5 åra hatt ei forholdsvis stor utskifting der halvparten av legane har sagt opp, grunna flytting til andre stader. Dette har utfordra oss, og ein ser at det har blitt meir utfordrande å rekrutterer legar til kommunen vår. Det er gjort tiltak for å sikre ei stabil legedekning både i form av den økonomiske samarbeidsavtalen mellom kommunen og legen, storlek på pasientliste, og communal overtaking av praksis. Det er satt igong ein prosess med å vurdere moglegheit for ein ekstra legeheimel i kommunen frå 2021 grunna endring i legetenesta.

Etne kommune har ei interkommunal legevaktordning saman med Vindafjord kommune, der Vindafjord er vertskommune. Målet er å vidareføre denne ordninga.

Busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar

Utfordringar knytt til integreringsarbeidet i Etne er i hovudsak knytt til kvalifisering og arbeid. Sidan 2018 har det vært busett svært få nye flyktningar og familiesameinte i Etne. Talet på personar i introduksjonsprogrammet og ved vaksenopplæringa er derfor nedgåande og det er utfordrande å oppretthalde tilboden om eit godt tilpassa og individuelt løp for den enkelte. Det er og ei utfordring å finne praksisplassar. Mange av flyktningane som er busett i Etne kommune har ingen eller lite formell utdanning. Dette gjer det vanskeleg å komma inn på den norske arbeidsmarknaden. Mange har behov for eit langt kvalifiseringsløp som inneheld norskopplæring, grunnskule, vidaregåande skule og læretid. Det må sikrast kvalifiserande og arbeidsretta løp for personar som ikkje kan gjennomføra ei formell utdanning.

På grunn av vanskar med å komme inn på arbeidsmarknaden er det ei utfordring at ein del ikkje blir økonomisk sjølvforsørga. I tillegg bidreg leigeprisane på bustadmarknaden til at også personar i introduksjonsprogrammet har vanskeleg for å forsørga seg sjølv.

Sosialomsorg

Talet på sosialhjelpsmottakarar i Etne kommune ligg nokså likt som snittet for KOSTRA-gruppa me høyrer til, men under landet totalt sett. Etne kommune har sidan 2013 hatt ein auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp, men ein nedgang frå 2018 – 2019. Kommunen har og hatt ein auke i unge sosialhjelpsmottakarar, sidan 2013 og fram til 2019 har det vore ein aukande trend. Også her ligg kommunen over snittet i KOSTRA-gruppa.

Me ligg og over snittet i forhold til KOSTRA- gruppa når det kjem til sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald, samt tal på barn i familiær som mottar økonomisk sosialstønad. Når det gjeld antal barn i familiær som mottar økonomisk sosialstønad så har dette gått ned frå 2018-2019.

For at NAV skal lukkast med sitt oppdrag i å få fleire i jobb, ser me generelt eit stort behov for tverrfagleg samarbeid både med andre kommunale einingar og næringslivet.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Sikre rett og oppdaterte planar.**
- **Auka omfang av behov for helse og omsorgsbehov både for eldre og yngre.**
Sikre gode omsorgsbustader med heildøgnsbemannning.
- **Ha gode nok sosialbustader i kommunen.**

Kultur og kulturminnevern

Det er viktig for kommunen å ha eit godt og variert kultur- og idrettsliv. Det er ein føresetnad for gode lokalmiljø, trivsel og busetnad. Å stimulera innbyggjarane til å vera fysisk aktive gjennom idrett og friluftsliv, ta aktivt del i frivillig lagsarbeid og bruka dei sosiale møteplassane er viktig for den fysiske og psykiske folkehelsa uansett alder. Gjennom kulturskulen, den kulturelle skulesekken og biblioteket får barn og unge eit variert kulturtild. Etne har ambisjonar om å halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen, jamfør kommuneplanen. Kommunen ligg litt under landssnittet når det gjeld netto driftsutgifter til kultur, i prosent av kommunen sine samla driftsutgifter.

Etne kommune har eit særskilt aktivt og variert frivillig organisasjonsliv, og dette er viktig for busetnad, trivsel og bygging av gode nærmiljø. Frivilligheita og dugnadsanda står sterkt i kommunen, og det er viktig å ha eit godt samarbeid mellom frivillige lag, næringsliv og kommune for å få til gode tiltak. Etne har ambisjonar om å halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen, jamfør kommuneplanen. Kommunen ligg litt under landssnittet når det gjeld netto driftsutgifter til kultur, i prosent av kommunen sine samla driftsutgifter.

Idretts- og friluftslivanlegg

Dei to store anlegga i kommunen finn ein i Etne og Skånevik, der kommunen eig stadionanlegga. Idrettslaga i kommunen har gjennom idrettsrådet vedtatt å prioritera arbeid med å få til oppgradering/utbygging av Etne stadion som friidrettsanlegg med fast dekke. Skånevik kultur- og idrettshall og Skakke er viktige kulturhus. Dei er organiserte ulikt med både lag/organisasjonar, kommune og eit stort tal frivillige som eigarar og aktørar. Kommunen har også ei ordning der det er mogeleg å forskottera spelemedlar til lag og organisasjonar som byggjer anlegg. Det er nettopp vedtatt politisk at Etne skal bygga dagsturhytte i 2021. Kommunen har nyleg fått midlar frå fylkeskommunen frå prosjektet «Friluftslivets ferdsselsårer». Digitalisering av turvegar i kommunen er ein del av dette prosjektet.

Strategisk er det behov for å få på plass ein rutine der prioritert handlingsprogram blir revidert årleg, og at det blir laga system der vedlikehaldsbehov for anlegga blir kartlagt og revidert regelmessig, til dømes kvart fjerde år.

Kommunen har ei viktig rolle som tilretteleggjar i samband med bygging/rehabilitering av idrettsanlegg. Til bygging/gjennomføring er det avgjerande med dugnad og frivillighet. Det er viktig med eit godt samspele mellom kommune og frivillige organisasjonar. Å styrka frivilligsentralen si rolle er noko som gir mykje tilbake til innbyggjarane i kommunen.

Kulturminne

Etne kommune har ei rik kulturhistorie og mange kulturminne, nokre av høg nasjonal verdi. Det er viktig med ein plan for korleis kommunen kan forvalta, sikra og ta vare på desse. Kommunen manglar ein kulturminneplan, men arbeidet er no starta opp. Ein kulturminneplan vil koma på plass i inneverande kommunestyreperiode. Det er løyvd midlar til arbeidet.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Kulturminneplan**
- **Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet**
- **Bibliotekplan**
- **Rammeplan for kulturskulen**

Areal og tettstadsutvikling

Etne kommune er ein geografisk stor kommune med eit areal på heile 735 km². Kommunen ligg i Sunnhordland, men har òg nær tilhørsle til Haugalandet. Etne har ei spreidd busetting med totalt 4064 innbyggjarar per 1. januar 2020. Størst folketettleik finn ein i tettstadene Etnesjøen og Skånevik. I regionalplan for areal- og transport på Haugalandet er Etnesjøen definert som regionaldelsenter, medan Skånevik er definert som områdedelsenter.

Etne kommune har dei siste åra hatt ein nedgang i befolningsutviklinga. Tala er ikkje urovekkjande og kan knytast til nedgang i innvandring. Ein befolningsvekst er viktig for utviklinga i kommunen og kan bli ein utfordring dersom trenden held fram slik.

Dei største areala i kommuneplanen er landbruks-, natur- og friluftsformål. Kommunen har store landbruksområde, som må vernast mest mogleg. Ei utfordring for kommunen er å auka næringsutviklinga i sentrumsområda samtidig som jordbruksareala rundt tettstadene blir tekne i vare. Balansen mellom næringa og framtidig utvikling i eit langsiktig perspektiv er utfordrande. At ein skal følgje overordna føringar, i kombinasjon med lokalpolitiske mål om å sikre gode løysingar for kommunen, er viktig for å oppretthalde ei ønska utvikling i lokalsamfunna.

Auka truslar frå naturfararar, til dømes flaum og skred, vil råka kommune og innbyggjarane i framtida. Større areal må «friskmeldast» før ein kan byggja der ein ønsker. Dette kan føra til økonomiske utfordringar, som fører til mindre utbygging i framtida. M.a. er der rundt Etnesjøen større areal som har lege under tidlegare havnivå som betyr at ein finn gamle marine sediment. Desse kan vere meir ustabile, som kan tyde på dei må friskmeldast for utbygging. I Skånevik er det også potensiell flaumfare frå elvene gjennom sentrum.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Korleis vere attraktiv for busetting**
- **Ta vare på landbruksareal og strandsone for framtidige generasjonar**
- **Gamle utdaterte reguleringsplanar og kommuneplan**
- **Tilrettelegging for fortetting i sentrumsområda**
- **Avklare naturfare i bygge- og plansaker**
- **Spreidd busetnad som skapar stort transportbehov**

Næring, samferdsel og transport

Næring

Føremålet med å ha ein planstrategi for næring, samferdsel og transport, må være å ha ein føreseieleg lokal næringspolitikk som tiltrekker seg private investeringar og stimulerer til privat verdiskaping og sysselsetjing. Det blir då viktig å få synleggjort mogleg og ønskja utvikling for næringsområde og infrastruktur.

I Etne kommune finn ein eit variert næringsliv, med landbruk, industri, handel, reiseliv, service og tenesteytande næringar med meir. Me har og viktige vassressursar og noko akvakultur. Det er vidare ein stor del offentlege arbeidstakrar i kommunen, men Etne kommune har ikkje lenger nokon statleg bedrift etablert i kommunen.

Kommunen har to tettstadar, Etnesjøen og Skånevik, og der er etablert industriområde på begge stadar. Der er framleis noko tilgjengeleg areal på Leknestangen i Skånevik, men nesten ikkje noko ledig på Tongane i Etnesjøen. Kommunen har no innløyst eit nytt areal på Fikse, som er regulert til industri. Begge sentrumsområda har regulerte område for kontor og forretning etc., men der er relativt lite ubygde tomter for nye næringsetableringar.

Etne kommune har kjøpt aksjar i, og inngått avtale med Medvind24 næringshage om førstelinjeneste for næringslivet i kommunen. Dette er ei teneste som skal leggje til rette for nyskaping og vekst i eksisterande næringsliv. Dette skal skje gjennom rådgiving, prosjektleiing, kompetanseheving, nettverksbygging, samlokalisering og kommunikasjonsarbeid.

Ein skal vidare hjelpe dei som ønsker å starte eiga verksemd, og rådgiving til bedrifter som ønsker videre utvikling. Næringshagen leiger ut kontorplassar i moderne lokalar i Etne sentrum.

Medvind24 Næringshage driver også sin egen nettportal - medvind24.no - med nyhende og reportasjar frå næringslivet i distriktet.

Kommunen skal være ein pådrivar til godt og organisert samspel mellom næringslivet og det offentlege . Dette skal skje gjennom hyppig og systematisk møteverksemd med førstelinjenesta, næringsforeininga og næringslivet. Kommunen samarbeider og med m.a. nabokommunar, fylket, Haugaland Vekst og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Samferdsel og transport

For Etne kommune er E134 den klart viktigaste vegen. Den generer mykje trafikk inn og ut av kommunen, og fører då med seg eit stort kundegrunnlag for handelslivet i kommunen. Det er vidare ei utfordring med trafikktryggleik og miljø når ein slik tungt

trafikkert veg går igjennom eit så tett og lite sentrum som Etnesjøen. Dette er eit paradoks, då ein vil kunne miste mykje av omsetninga viss vegen blir lagt ut av sentrum. Det er derfor viktig at ein har lagt gode planar for framtida til handelsnæringa når ein komande nå trasé igjennom Etne skal etablerast.

Vidare er Fv 548 Håland – Skånevik ein viktig veg i kommunen. Denne vegen er ein føresetnad for at Skånevik og Etne skal kunne henge saman som kommune. Her er det lokal transport av arbeidstakrar, skulelevar og gods kvar dag, samt at dette i tillegg er dette ei gjennomfartsåre til og frå Kvinnherad. Det er ynskjeleg at vegen blir utbetra slik at den får gul stripe standard. På lik linje med at E134 er viktig for handel i Etne, er denne vegen viktig for handelsnæringa i Skånevik. Det same er ferja og snøggbåten i Skånevik.

Fv 5014 Strondavegen har fleire av dei same funksjonane som nemnt for Fv 548, i tillegg er Skånevikstranda det viktigaste området for fritidsbustadar i kommunen. I alt er der kring 900 fritidsbustadar i Etne kommune.

Kommunen har 70 km kommunal veg. Desse er plassert jamt over heile kommunen, og har sterkt variabel standard. Vedlikehald og vintervedlikehald har vært ein utfordring dei seinare år, grunna økonomi.

Etne kommune har vidare 9 kaier i kommunal eige og vedlikehald. Det er hovudsakleg kaia på Tongane som er i kommersiell bruk. Det kan vurderast om denne skal overførast til Karmsund hamn eller andre, men ein må då ver merksam på at all aktivitet over kaia vil bli avgiftsbelagt. Dette må då betalast av den enkelte bedrift som brukar kaien. Dette er i dag gratis, men det fører til at det er Etne kommune som må ta rekningane når det er behov for vedlikehald og reparasjonar. Elles har dei kommunale kaiene ein lav standard og bruk.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Ha god kontakt med næringslivet, og små verksemder**
- **Utvikle eigna industri-/næringsområde**
- **Etablere arbeidsplassar for unge og høgt utdanna**
- **Gode avkjøyrslar til ny E134, slik at dagens næringsliv ikkje mister kundegrunnlaget**
- **Etablere næring tett på ny E134**

- **Auke kvaliteten på FV 548, slik at ein får gul stripe standard**
- **Auke vedlikehald på kommunale vegar og kaiar**
- **Behalde snøggbåtttilbodet i Skånevik**
- **Legge til rette for ny busstterminal i Etne**

Vatn, avlaup og renovasjon

Kommunen har 7 vassforsyningasanlegg og 16 km vassleidning. Innan avlaup har kommunen 38 km spillvassleidning, 17 pumpestasjonar og 2 silanlegg. Etne kommune har vedteken en hovudplan for vatn for perioden 2012 - 2022. I grove trekk er om lag halvparten av planen er gjennomført, det har vært god framdrift og fleire tiltak har trygga vassforsyninga.

Framtidige prioriterte prosjekt:

Auka dimensjon på hovudleidning frå høgdebasseng til Etnesjøen. Dette vil gjera kommunen betre i stand til å gi næringslivet dei vassmengdene som er etterspurd. Byggja nytt og større høgdebasseng. Dagens basseng er særskilt dårleg, sprekker og lekk. Nytt basseng bør etablerast for å sikre leveranse. Skifta ut dagens vassbehandlingsanlegg. Anlegget er gammalt og kan bryte ned. Dagens snittforbruk ligg på ca. 11 l/s. Dette er ein så viktig samfunnsinstallasjon at ein ikkje kan vente til problem oppstår. Ein rår til at ein startar planlegging av nytt anlegg. Fleire verksemder har spurd etter uttak på 6-7 l/s, men dette kan ein ikkje innfri med dagens anlegg og dimensjonane på leidningsnett.

Handtering av overvatn og avløpsvatn

Det er manglande oversikt over dimensjonane på røyra som tek unna overvatn. Fleire abonnentar, meir intensivt regn og større areal med faste flater kan føra til store mengder overvatn. Det er vedteke finansiering slik at ein kan starta arbeidet med å få på plass hovudplan kloakk. Det er fleire ting ein vil ha som fokus i hovudplan kloakk, framandvatn som eir eit aukande problem. I verste fall er leidningsnettet underdimensjonert, og ekstrem nedbør førar til tilbakeslag i bustadhusa. Generelt aukar straumutgifter pga. behandling av overvatn, både i pumpestasjonar og behandlingsanlegga. Kartlegging av feil tilknytingar og rutinar for handtering bør også vera ein del av hovudplan. Plan må omhandla alle pumpestasjonar, både med fokus på kapasitet og HMS. Rutinar må utarbeidast. Som til dømes krav på fettavskillar.

Ufullstendig digitalt leidningskartverk

Leidningskartet for vatn og avløp i kommunen er ikkje komplett, og det er behov for å digitalisera alle eksisterande VA-leidningar. Med eit oppdatert leidningskart kan ein utarbeida datanettmodellar som lettar planlegging av ny infrastruktur samt simulera ulike hendingar og følgjene av dei.


HOVUDUTFORDRINGAR

- **Sikra tilstrekkeleg vassforsyning no og i framtida**
- **Avlaup, feilknytingar, krav på fettavskillar, rutinar, fremmadvatn, leidningsnett/dimensjonar og pumpestasjonar**
- **Digitalisere leidningsnett VA**

Kommunen som organisasjon

Etne kommune har vore gjennom ein omstilling frå einingsleiing som har rapportert direkte inn til kommunedirektøren (11 eininger og 4 stab/støtte eininger) til å etablera 3 sektorar som blir leia opp av kvar sin kommunalsjef, i tillegg er det 5 stab/støtte eininger som rapportera direkte til kommune direktøren:

Organisasjonen er bygd opp i tråd med service, ansvar og leveranse som ein har til innbyggjarane i Etne. Det er lagd fokus på at ansvarsområda og rollene er avklarde, det har og vore viktig å sørge for at det er samhandling mellom sektorane / stab og at ikkje noko «fell mellom to stolar» i mangel på synleggjering i grenseområda. Oppgåva til kvar sektor og stab funksjon er definerte med hovudrammer og i tillegg er det etablert detaljert stillingsomtalar for kvar sektor og stabs funksjon.



Det er etablert ein Styringsmanual som har som føremål å beskriva omfanget og strukturen på styringssystemet som vil gjelda alle tilsette i Etne kommune.

Styringsmanualen er ikkje i seg sjølv «systemet», men vil vera eit viktig verkemiddel for heilskapleg forståing og iverksetting i organisasjonen.

Hovudmålet med Etne kommune sitt styringssystem er å vera einsarta i utføring av oppgåvene slik at ein søker for standard levering både internt og til kommunen sine innbyggjarar. Styringssystemet skal også vera ei hjelpe slik at ein leverer beste praksis i all oppgåvehandtering.

Styringsmanualen skildrar kommunen sine verdiar, HMS ansvar og kvalitet i arbeidet, og seier også noko om korleis me skal etterleva dette.

Alle tilsette i Etne kommune har eit sjølvstendig ansvar for kvalitet, HMS og effektivitet i sitt arbeide.

Styringsmanualen skildrar og leiingsstrukturen -og korleis den er samanfatta med lovar og reglar.

Kommuneøkonomien

Kommuneøkonomien byggjer hovudsakleg på følgjande:

- Statleg Rammetilskot (frie inntekter og øyremerkte tilskot)
- Skatteinntekter – frå inntektsskatt og formueskatt
- Brukarbetalingar
- Eigedomsskatt

Det statlege rammetilskotet byggjer på ei rekke ulike faktorar som er fastsett gjennom inntektssystemet, faktorar som byggjer både på demografi og geografi. Vidare ligg det inne øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Dei siste åra har og ABE-reforma gjort seg gjeldande, ved at det frå statleg hald er lagt inn reduksjon i rammetilskotet, mot ei generell forventning om redusert byråkratisering og effektivisering av offentleg sektor. Dei siste revisjonar av inntektssystemet i kommunane har gjeve negativ effekt for kommunar med tilsvarende demografi og geografi som Etne. Vidare har befolkningsnedgangen gjort at rammetilskotet har vorte redusert dei siste åra. Vidare har ein hatt ekstraordinære inntekter gjennom mellom anna auka utbytte frå utbetalingar frå Havbruksfondet.

Samla sett er signala at den kommunale økonomien vil bli trongare framover.

Samstundes ser ein at tenestebehovet i kommunane er aukande, særskilt får ein ei aldrande folkesetnad. Framover må ein difor gjere naudsynte grep for å tilpassa inntektene og kostnadane slik at drifta av kommunen er økonomisk berekraftig og i framtida, og det kommunale planarbeidet må spegle dette.

Økonomiavdelinga rapporterer kvar månad om økonomiske måltal til kommunedirektøren og leiargruppa. I desse rapportane, analyserar økonomiavdelinga risikofaktorar for kommunen og vurderer nødvendige justeringar til budsjetttramma. Internkontroll er også ein viktig funksjon som økonomiavdelinga har. Etne kommune jobbar stadig med forbetring av arbeidsflyten og digitaliseringa av prosessar.”

Vedlikehald av kommunale bygg og energieffektive bygg

Kommunen har eit stort etterslep i vedlikehald av kommunale bygg. Oppføring av nye bygg aukar bygningsmassen, og den eksisterande bygningsmassen blir eldre og forfell. Dette går utover kvaliteten på bygningane og kan få følgjer for folkehelsa, læringsmiljøet og trivselen til brukarane av bygningane. Det vert ført kontinuerleg oversikt over vedlikehaldsbehov gjennom bruk av kommunen sitt system for forvaltning, drift og vedlikehald for kommunale bygg.

Sjukefråvær og arbeidsmiljø

Etne kommune har eit mål om at sjukefråværet skal vera under 4%. Det har over dei

siste åra vore ei positiv trend med reduksjon frå 6,9% i 2017, 6,0% i 2018 og ned til 5,8% i 2019. Det er eit stykke igjen til måltalet med det jobbast kontinuerleg og godt i organisasjonen. Sjukefråværet vert rapportert kvart kvartal og det vert følgje opp i sektorane og stabs funksjonane i tillegg til AMU og i eventuelle prosjekt. Godt arbeidsmiljø er sote på agendaen og er ein viktig faktor for at sjukefråværet skal fortsetta den positive utviklinga - Det skal vera godt å jobba i Etne Kommune-.

Rekruttering, Kompetanseplan og utvikling

Etne kommune har følgjande mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: «*Me skal ha trygge, rause og engasjerte medarbeidarar med rett kompetanse i alle stillingar. Leiarane skal vera tydlege, inspirerande og motiverande ut frå felles verdigrunnlag og leiarfilosofi.*» Det er desse medarbeidarane Etne kommune treng for å ha ein velfungerande organisasjon som leverer gode tenester til brukarane våre.

Leiarane sin kompetanse og haldninga er viktig for å nå målsetjingane. Kommunen har gjennomført eit leiarutviklingsprogram i regi av KS-K i 2019-2020 med fokus på bl.a. meistringsorientert leiing og arbeidsmiljø. Det er i fortsetjinga viktig med god og kontinuerleg opplæring og utvikling av leiarane satt i system.

Etne kommune har ulike verkemiddel for å leggje til rette og motivera for kompetanseuke, t.d. kompetansetillegg i Lønnspolitisk plan, Retningslinjer for utdanningsstønad og stipend, permisjonsordning. Det pågår og eit arbeid knytt til tilrettelegging for medarbeidarar som ønskjer å ta fagbrev gjennom ordningane praksiskandidat og Fagbrev på jobb. Gode kompetanseplanar er viktige.

Auka grad av digitalisering vil krevja digitalkompetanse hos leiarar og medarbeidarar og vil i mange høve og føre til organisasjonsutvikling og -endring. Det er viktig at organisasjonen meistrar å endre seg og arbeidsprosessar i tråd med den digitale utviklinga. Etne kommune arbeidar med ein IT og -digitalisering strategi som skal leggja til rette for at ein er førebudd på framtida. Auka grad av digitalisering medfører auka krav til kunnskap om informasjonstryggleik og personvern. Det er eit mål å få eit godt samarbeid med Vindafjord kommune på dette området.

For å få trygge, rause og engasjerte medarbeidarar og leiarar med god kompetanse så bør ein ha ein bevisst arbeidsgjevarstrategi som omhandlar bl.a. leiing (leiarfilosofi), kompetanse, rekruttering, samhandling, etikk, likestilling, inkludering om mangfold, alt med fokus på kvalitet og kontinuerleg forbetring.

Etne kommune har utfordringar med å rekruttera fagkompetanse innan ein del fagområde. Behov for arbeidskraft i Helse og omsorgssektoren er venta å auka å åra framover. Me må ha større fokus på omdømme, og marknadsføre kommunen som ein god arbeidsplass med gode arbeidsvilkår og spanande og varierte oppgåver. Det er under arbeid ein strategi for lærlingar og me vil auka fokus på lærlingordninga. Har som

mål å auke antal lærlingar og å kunne tilby lærepllassar innan fleire fag enn me har i dag. Dette vil bidra til å møte framtidig behov for fagkompetanse. Med god oppfølging og gode arbeidsplassar blir lærlingane viktige ambassadørar for Etne kommune. Me har stipendordning for sjukepleiarstudentar som har som mål å bidra til rekruttering. Helse og omsorgssektoren har høg grad av deltidsstillingar. Fleire store/heile stillingar vil møte noko av behovet for arbeidskraft framover så arbeid med heiltidskultur bør prioriterast.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Etterslep i vedlikehald av kommunal bygningsmasse og energieffektive bygg**
- **Forvaltning av kommunal bygningsmasse, inkludert vedlikehald og energieffektivitet**
- **Utarbeide arbeidsgjevarstrategi**
- **Heiltidskultur**
- **Overordna kompetanse og rekrutteringsplan**
- **Oppnå samordna satsing på kompetanse, rekruttering og leiing**
- **Tilpasser seg trонge økonomiske rammevilkår**

Revisjon av kommuneplanen

Fylkesmannen rår i sitt høyringssvar til planstrategien kommunen til å revidere ny arealplan, og håper dette vil bli prioritert i denne perioden (2020-2023). Dette for å løyse dei omfattande oppgåvene kommunen står framfor og vil møta dei nærmaste åra. Arbeid med arealdelen har gått føre seg over fleire år, og framlegg til ny plan er venta å kome i 2021.

Kommuneplanen til Etne er utdatert og har behov for revisjon for å betre reflektere dagens situasjon – samt betre møte dei utfordringane som lokalsamfunnet står ovanfor både i dag – og i framtida. Det er og eit mål med revisjonen at ein skal forenkle sakshandsaminga i kommunen gjennom meir hensiktsmessige arealføremål og føresegner i kommuneplanen sin arealdel. Særleg vil det her vere eit mål å redusere talet dispensasjonssøknadar som kjem kommunen i hende. Dette vil kunne frigjere kapasitet til anna naudsynt arbeid på plan- og byggesak.

Eit anna kriterium er at den skal vere enkel å rullere, slik at det ikkje vil vere nødvendig med full kommuneplanrevisjon kvar gong den treng ei oppdatering. Det vil resultera i ein meir effektiv prosess, som vil frigjere meir tid til anna planarbeid. Kvar framtidig oppdatering vil ta utgangspunkt i røynsler med gjeldande plan og sjølve planprosessen.

Arealdelen

Arealdelen er mykje meir kompleks nå enn den var i 2003 da førre arealplan blei vedteken. For å kunne møte dagens behov, t.d. i høve til næringsliv og busetnad, trengs det ein tidsriktig plan. I tillegg er det fleire omsyn i dag i form av omsynssoner som er viktig for vern av artar og naturtypar, men også for å skydde innbyggjarane mot flaum- og skredfarar. Sistnemnte avgrensar ein del utbygging mange steder, men er med på å forvalte areala på ein berekraftig og sikker måte for framtida.

Kommunen skal ha ein arealplan som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk for heile kommunen. Planen skal gi hovudtrekka i arealdisponeringa, og rammer og føresetnader for kva nye vedtak og ny arealbruk som kan settast i verk. Arealplanen skal bygge på kommuneplanens samfunnsdel.

Det inngår i arbeidet med arealdelen å sjekke om gjeldande reguleringsplanar er i tråd med dagens regelverk og andre føringar frå styresmaktene. Ein del eldre planar manglar t.d. omsynssoner for naturfare eller byggegrense mot sjø. Slike reguleringsplanar kan ikkje halde fram som gjeldande, men må i første omgang innlemmast i arealdelen i forenkla utgåve (generaliserast). På sikt må fleire av desse planane reviderast dersom det er ønskje å utvikle planområda vidare. Det offentlege og private må då oppdatere sine høvesvise planar.

Samfunnsdelen

Samfunnsdelen tek for seg langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som ein heilskap og kommunen som organisasjon. Denne delen skal vere grunnlaget for alle sektorane sine planer og verksemda i kommunen. I ein eigen handlingsdel skal det gå fram korleis planen og samfunnsdelen skal følgjast opp. Tema- og sektorplanar (fagplanar) klargjer målsettinga for dei ulike fagområda og sektorane i kommunen.

HOVUDUTFORDRINGAR

- **Innføre planførersegner som tek i vare mål om berekraftig utvikling og tryggleik.**
- **Gjere plangrep som reduserer behova for framtidige dispensasjonar frå arealdelen.**
- **Sikre ei god tettstadsutvikling og avgrensing mot landbruksområde.**
- **Revisjon av reguleringsplanar som ikkje settar dagens regelverk, m.a. i høve naturfare.**

Planoversikt

Vedlegg følgjer

- Vedlegg 1 visar komande planar for valperioden.
- Vedlegg 2 visar ein oversikt over alle planar i kommunen (gjeldande, under arbeid, framtidige).

